

Nytt frå Fagområde for allmenmedisin, UiB

Helsereforma må omfatte utdanning

Regjeringa sitt Helsereformutval er i fullt arbeid og skal mellom anna greie ut om fastlegeordninga skal verte statleg. Eit viktig område for universiteta er korleis ansvaret for praksisutdanninga i helsefaga skal organiserast, uavhengig av modell. Til no har dette knapt vore nemnt i debatten, men for oss er det viktig at utdanning av framtidige helsepersonell må inngå i aktuelle modellar, allmennelegatenesta og fastlegeordninga inkludert.

Det er nemleg slik at no er ansvarsfordeling vanskeleg å leve med: Legeutdanninga ligg under Kunnskapsdepartementet medan plikta til å finne praksisplassar ligg under helseministeren. Føretaka har plikt til å skaffe praksisplassar, kommunane har ikkje. Føretaka har betalt for dette, universiteta og kommunane ikkje. Tvert i mot å har KS og legeföreininga i sin avtale at praksis for studentar er kommunane uvedkommande og dette skal ikkje gje fritak for andre oppgåver. Som om ikkje det var nok, ser vi at staten finansierer LIS1 og ALIS i kommunane godt, slik at kontor og rettleiing for legestudentar vert økonomisk mykje dårlegare betalt. Grunnutdanninga kjem altså i ein tap-tap-situasjon og verken fastlegane eller kommunane har sterke insitament til å ta i mot dei stadig fleire legestudentane. Vi veit frå norske studiar at fastlegane ønskjer å ta i mot studentar, dersom dei økonomiske tilhøva er på plass.

Dette må det gjerast noko med, og Helsereformutvalet må absolutt adressere problemstillinga. Det må lagast ordningar for å sikre pengar til kontorplassar, utstyr og rettleiing. Så skal universiteta sørge for kvalitet i utdanninga og gode opplegg for både studentar og rettleiarane.

Steinar Hunskaar
steinar.hunskar@uib.no

Allmenmedisin og forskning i Malawi

Professor i allmenmedisin Thomas Mildestvedt har de siste fem årene ledet et NORAD-støttet prosjekt for å styrke primærhelsetjenesten i Malawi og Zambia. Sammen med professor emeritus Eivind Meland har han vært medveileder for Duncan Kwaitana, som i januar

disputerte med avhandlingen *Primary Healthcare Services for Older People with Progressive Multimorbidity: Lessons from Malawi*. Studien viser at eldre med multimorbiditet møter store barrierer i tilgangen til helsehjelp – særlig lange reiseavstander, fragmenterte tjenester, mangel på helsepersonell og svakt utbygde lokale klinikker. Avhandlingen peker på et tydelig behov for mer personsentrert, helhetlig og tilgjengelig primærhelsetjeneste, høyst relevant for norske forhold. Dette er den første avhandlingen som har kommet ut av prosjektet som er støttet med 20 millioner over 6 år fra bistandsbudsjettet.

Evaluerer av NKLM

Samfunnet har fått svært mye verdi tilbake for midlene som er brukt på Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin (NKLM) som et nasjonalt kraftsenter for legevakt. Dette er hovedkonklusjonen i en evalueringsrapport som Agenda Kaupang har utført på oppdrag fra Helseledningsdirektoratet. Rapporten fastslår også at NKLM er en pådriver for fagutvikling og god kvalitet i legevakt. Praksisnær forskning og rask implementering av resultater fra forskning i legevaktene trekkes frem som særlig verdifullt. Produkter som *Legevaktindeks* og *Legevakthåndboken* er viktige virkemidler i denne aktiviteten. I rapporten foreslås at NKLM i større grad bør måle effekten av egen aktivitet på legevaktjenestene.

Ph.d.: Røykestopp for opioidavhengige

Karl Trygve Druckrey-Fiskaen disputerte 22.1.2026 for ph.d.-graden ved UiB med avhandlingen *Reducing smoking among individuals receiving opioid agonist therapy*. Røyking hos pasientar som mottok legemiddellassiert rehabilitering for opioidavhengnad er ei viktig årsak til sjukdom og tidleg død. Dei pasientane som fekk tilbod om hjelp til røykereduksjon hadde dobbelt så høg sjanse for å halvere sigarettbruken samanlikna med pasientar som ikkje fekk denne hjelpa. Røykereduksjon kan vere eit steg på vegen for å slutte å røyke, og kan redusere sjukdomsbyrden. Alle pasientar i LAR bør difor få tilbod om hjelp til røykereduksjon med

motiverande samtalar og gratis nikotinerstatningsprodukt.

Karl Trygve Druckrey-Fiskaen er overlege og spesialist i rus- og avhengigheitsmedisin. Professor i allmenmedisin Lars Thore Fadnes har vore hovudrettleiar.

Allmenleiar til leiarstillingar

Institutt for global helse og samfunnsmedisin, der fagområdet for allmenmedisin er ei del, har gjort endringar i leiargruppa si. No er professor i allmenmedisin Gunnar Tschudi Bondevik blitt undervisningsleiar og førsteamanuensis i allmenmedisin Knut Erik Emberland er blitt forskings- og innovasjonsleiar.

Helse Vest-pris for legeutdanning

Helse Vest sin utdanningspris for 2025 på 100 000 kroner gjekk til PROFMED-prosjektet, for det nyskapande arbeidet sitt med å styrkje medisinstudentars læring og profesjonelle identitet i klinisk praksis. Prosjektet er leia av allmenmedisinprofessor Edvin Schei frå UiB, som saman med førsteamanuensis Monika Kvernenes og stipendiat Julie Solberg Knudsen tok i mot prisen på Utdanningskonferansen nyleg.

Prosjektet har utvikla ein enkel og forskingsbasert modell, som gir medisinstudentar i praksis tryggleik og auka læringsutbytte. Sentralt er «rettleiarfamiliar» – små grupper med LIS-legar og studentar som skaper meistring, relasjonar og ansvarskjenne utan ekstra ressursar. Juryen framhevar kvalitet, berekraft og overføringsverdien for prosjektet til Vestlandslegen-modellen.

Vellukka konferanse om praksisplassar

Prosjektet *Flere praksisplasser og bedre veiledning for legestudentar på fastlegekontorene (FRONESIS)* hadde avslutningskonferanse på Solstrand første veka i februar. På konferansen deltok relevante nasjonale og regionale aktørar som saman drøfta utfordringane og moglege løysingar på dei rekrutteringsproblema ein ser komme når det gjeld plassar for legestudentar i kommunane.